

Vedtekter for Nordhordland Turlag

Sist endra på årsmøtet 25. januar 2023

§1 Føremål

Nordhordland Turlag har som føremål å fremja eit aktivt, naturvenleg og sikkert friluftsliv i skog, fjell og ved kyst.

§2 Organisasjon og leiing

Laget er tilknytt Bergen og Hordaland Turlag som medlemsforeining i Den Norske Turistforening. Medlemsområdet er kommunane Fedje, Austrheim, Radøy, Lindås, Meland, Masfjorden og Modalen. Betalt kontingent i DNT/BHT gjeld som kontingent for Nordhordland Turlag.

Nordhordland Turlag skal ha eit styre på sju medlemmer. Leiar veljast kvart år. Andre medlemmer for to år om gongen, men slik at tre står på val kvart år.

Styret står fritt til å opprette arbeidsgrupper eller utval der dei trekkjer andre inn i arbeidet med å utføre arbeidsoppgåver i laget.

Hytteprosjekt må vere i tråd med Bergen og Hordaland Turlag sin strategi og må til like med låneopptak godkjennast av styret i Bergen og Hordaland Turlag.

§3 Medlemmer

Medlemmer er alle som har betalt kontingent. Medlemmer har rett til å delta på årsmøter. Medlemmer har forslags- og stemmerett frå det året dei fyller 15 år, og medlemmer kan då veljast til tillitsverv i Nordhordland Turlag.

§4 Årsmøte

Årsmøte skal haldast innan utgangen av februar og kunngjerast i lokalavisene minst 14 dagar på førehand. Framlegg til årsmøte må vera styret i hende innan utgangen av desember månad. Berre saker som er nemnd i innkallinga kan handsamast på årsmøtet. Når årsmøtet har godkjent innkalling og dagsorden, veljast ein møteleiar og to referenter.

Årsmøtet skal handsama desse sakene:

1. Årsmelding frå styret
2. Revidert rekneskap
3. Budsjett for inneverande år

4. Innkomne saker

5. Val på:

- Leiar
- Styremedlemmer
- Revisor
- Valnemnd bestående av tre personar (for tre år, ein på val kvart år)

§5 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast dersom styret eller minst 10% av medlemmene finn det naudsynt.

§6 Vedtektsendring

Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte medlemmene på årsmøtet.

§7 Oppløysing

Oppløysing av laget krev $\frac{3}{4}$ fleirtal av dei frammøtte medlemmene på årsmøtet.
Eigneluter/midlar tilfell Bergen og Hordaland Turlag.